



Knarvik, 31. oktober 2014

Kulturdepartementet  
Oslo Dep

## Høyringsuttale – Staten og kyrkja – eit tydeleg skilje

Lindås kyrkjelege fellestråd (Lkf) viser til høyringsdokumentet «Staten og den norske kyrkje – et tydelig skille», og takkar for høve til å gje uttale i ei sak som har ulike sider. Lkf har fått nokre punkt frå høyringsdokumentet presentert av kyrkjevevja i Lindås i møte den 14. oktober 2014, og byggjer uttalen sin på denne presentasjonen.

Lkf tar til orientering dei grunnleggjande prinsippa som høyringsnotatet byggjer på:

- Grunnlova sin §16 ligg fast
- Den norske kyrkja skal fortsatt finansierast over offentlege budsjett
- Soknet er kyrkja si grunneining, og soknet sin rettslege og økonomiske sjølvstende skal først vidare.

Lkf legg vidare til grunn den planen for vidare sakshandsaming som notatet presenterer;

- at Høyringsnotatet og denne høyringa dannar grunnlag for sak om endringar i kyrkjelova som skal handsamast i Kyrkjemøtet våren 2015.
- Framlegg til ny kyrkjelov vert så lagt fram for Stortinget for vedtak våren 2016 med iverksetting i 2017.

Dette er skildra som Trinn 1. Deretter følgjer Trinn 2 med (frå kyrkja si side) eit tidsperspektiv mot år 2020, som vi har forstått kan oppsummerast slik:

- Stortinget ønskjer på sikt ei heilskapleg ramelov om trus- og livssynssamfunn. I samband med dette kan endringar i finansieringsform bli vurdert,
- Denne forvaltningsreforma skal møte kyrkja sine ønskjer om størst mogeleg eigen råderett over intern organisering og fordeling av mynde i eigen organisasjon, herunder arbeidsgjevarmynde.

## Samandrag

- Lkf vil peike på den grunnleggjande utfordringa i trinn 1 at departementet helst ikkje bør ta avgjerder som ein kan vere tent med å leggje i trinn 2. Departementet fekk i 2013 som oppdrag å etablerast eit eige juridiske subjekt, som kan ta over arbeidsgjevaroppgåvene for prestar og andre tilsette i bispedømeråda og kyrkjerådet som er i dag statstenestemenn. Lkf konstaterer at departementet har løyst denne oppgava.
- I høyringsnotatet meiner vi likevel at departementet gjer grep som kan påverke prosessen vidare i sin iver etter ikkje å gjere vesentlege endringar i statstenestemennene sine avtalevilkår.
- So langt har departementet berre lasta staten sine oppgåver som arbeidsgjevar for den eine lina i kyrkja over på Kyrkjemøtet / kyrkjerådet. Ein har dermed konstruert ei verksemd som er til dels svært ulik dei eksisterande rettssubjekta i kyrkja.
- Lkf konstaterer at høyringsnotatet ikkje løyser utfordringa med å samle kyrkja til ein organisasjon, men so er dette kan hende ikkje departementet si oppgåve heller? Lkf meiner likevel at det blir svært uheldig når departementet gjer framlegg om å lovfeste strukturendringar som vi meiner bør vere tidsavgrensa mens ein ventar på Trinn 2. I det tilfelle at departementet ikkje tar mål av seg til å levere frå seg ein organisasjon som er harmonisert med ikkje-statlege verksemdar, så treng ein vel ikkje akkurat å stadfeste noko som bør vere mellombels tilpassingar i lovs form? Ein kunne freistast til å kalle høyringsnotatet: «Kyrkja lokalt og sentralt – eit tydeleg skilje?»

## Nokre døme:

Kva tyder eigentleg Kl §2?

- Den norske kyrkja blir definert som sjølvstendige organ på to nivå; eit lokalt nivå og eit sentralt nivå. I framlegget til ny §2 i KL vert omgrepet Den norske kyrkja nytta i to ulike tydingar. I første avsnitt vert det nytta om soknet sine organ og det nye, sentrale rettssubjektet i heilskap. I andre avsnitt (nytt) synes det som om omgrepet berre gjeld det sentrale rettssubjektet (*Den norske kyrkje så vel som det enkelte sokn ...*). Her kan det fort bli rot.
- Det er derfor eit spørsmål om ikkje det sentrale rettssubjektet burde fått eit eige namn, slik sokna og fellesråda i dag har eigne namn.
- Definisjonen av sentrale og regionale organ er Kyrkjemøtet og bispedømeråda. Lokale organ er sokna sine organ; sokneråd og fellesråda. Prostiet har inga sjølvstendig rolle, men prosten er likevel foreslått lovfesta som leiarnivå i Den norske kyrkja?

Vedtak:

- Lindås kyrkjelege fellesråd meiner at omgrepet Den norske kyrkja ikkje kan nyttast på det eine eller det andre nivået i kyrkja, men berre som samleomgrep for begge to. Det nye, sentrale nivået i kyrkja bør nemnast «Kyrkjemøtet». Bispedømeråda, sokna og fellesråda nemnast som i dag.

Ei landsdekkjande folkekyrkje

- Det ligg i Gl §16 at Den norske kyrkja skal vere den norske folkekyrkja. Då må ho vere representert over heile landet.
- Lkf stør derfor KA sitt framlegg til utviding av framlegget i § 2:
- *«Kvart sokn skal være betjent av prest i eit omfang som sikrar at soknet sine medlem får tilgang til regelmessig gudstenestefeiring, tilgang til kyrkjelege handlingar og naudsynt samordning med soknet si verksemd. Soknet sine organ har rett til medverknad ved tilsetting av prest i eget sokn».*

Vedtak:

- Lkf stør her KA sitt innspel med kvalitetskrav i omgrepet «landsdekkjande kyrkje». Dette set krav til storleiken på dei ramane staten gjer for at kyrkja skal kunne utføre sitt oppdrag.

Lovfesting av prestane sitt tenesteansvar

- Prestetenesta er i dag regulert gjennom m.a. tenesteordning for kyrkjelydsprestar.
- Departementet meiner i høyringsnotatet at det kan vere hensiktsmessig å regulere prestetenesta i lovs form. Det kan sjå ut til at det er gjort framlegg om dette for å sikre prestane sjølvstendig ansvar for sin teneste, slik dette kjem fram i ordinasjonsløftet.
- Spørsmålet er om Stortinget gjennom lovgivinga bør vere garantist for om ordinasjonsløftet vert etterlevd; i vår tid er det synodale demokratiet godt utvikla gjennom t.d. gudstenestereforma, og så vel prestetenesta som den einskilde kyrkjelyden er kan hende best tent med at desse spørsmåla ikkje er for fasttømra.

Vedtak:

- Lkf meiner at framlegget om lovfesting av prestane sitt tenesteansvar vil setje unødige avgrensingar på arbeidsgjevar si styringsrett. Framlegget sitt føremål må kunne dekkjast under biskopen sitt tilsynsansvar.

Klageorgan for disiplinærsaker

- Det står fram som noko av eit tankekors at departementet gjer framlegg om ein klagemnd i disiplinærsaker (oppseiing, avskjed og suspensjon).
- Denne trer i staden for lærenemnda; og framstår kva gjeld disiplinærsaker etter modell av Tenestemannslova §19 for prestane og andre statstenestemenn, mens resten av dei kyrkjelege stillingane får slike saker regulert av aml.
- Dette skapar igjen inntrykk av at ønskje om ei samordna arbeidsgjevarline ikkje har fått særleg merksemd hjå departementet.

Vedtak:

- Kyrkja bør gjerne ha ein klagenemnd, men ikkje i personalsaker slik høringsdokumentet gjer framlegg om. I disiplinærspørsmål bør arbeidsmiljølova gjerast gjeldande, slik ho i dag er det for tilsette i sokna sine organ.

Handlingsrom for sentralisering

- Høringsnotatet legger opp til at Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet ikkje kan delegere «lengre ned» enn til prosten.
- Dette vil føre med seg at det vil vere ei sperre for å delegere f.eks. arbeidsgjevarfunksjonar til soknet sine organ.
- Samstundes blir det gjort framlegg om ei ny åtgjerd om at soknet sine organ kan be bispedømmerådet om å ta i vare ulike oppgåver. Dette fører med seg at det er ei sperre for delegasjon nedover, men fritt høve til å gje mynde til oppgåver «oppover».

Vedtak:

- Kyrkjelova §5 vart endra for 10 – 12 år sidan for å gje rom for forsøk med ulike organiseringsmodellar på tvers av dei kyrkjelege organa som var nemnde i kyrkjelova. Lkf meiner at framlegget om ei «delegasjonssperre» frå Kyrkjemøtet til soknets organ kan vere eit unødig hinder for å prøve ut tenlege organisasjonsformer som er tilpassa også rurale strøk.

Kvar vart det av dei robuste einingane?

- KA har i denne prosessen lagt meir vekt på spørsmåla om framtidig leing av kyrkja og samling av dei to arbeidsgjevarlinene enn det departementet og Kyrkjemøtet til no har gjort.
- Ein har i KA brukt ein del tid på å drøfte storleiken på ei eining som kan vere felles arbeidsgjevar for både prestar og andre tilsette i kyrkja. Her har omgrepet «robuste einingar» dukka opp, nærare skildra som «justert prostimodell». Formålet med denne drøftinga var å halde ope for at eitt av sokna sine organ kunne fylle denne rollen.
- Det er i denne samanhengen interessant å registrere at prostiet som sjølvstendig nivå er tatt ut i framlegget til ny KL §22, samstundes som departementet gjer framlegg om at prosten sin rolle som mellomleiar skal lovfestast.

Vedtak:

- Lkf stillar seg undrande til at departementet i høringsnotatet fremjar til dels detaljerte føringar på kyrkja si framtidige organisering. Lkf meiner at prostiet ikkje bør tømast for innhald før kommunereforma har avgjort i kva grad fellesråda kan vere «robuste einingar» for den lokale kyrkja.

Statleg finansiering av prestetenesta og «anna»

- Departementet peiker på at staten i dag løyver rundt 1.8 mrd til Den norske kyrkja
- Av dette går 1.3 mrd til lønningar til prestar samt kyrkja sine sentrale og regionale

organ.

- Resten går til trusopplæringa, diakoni og andre tilskot til kyrkjelydane.
- Trusopplæringsreforma er innført av den norske stat, og bør sikrast betre enn gjennom eit rametilskot. Trusopplæringa er det einaste så langt som har gjeve prostiet eit innhald. Når no prostiet fjernast som demokratisk nivå utan at trusopplæringa er tydeleg sikra, er dette ikkje tilfredsstillande.

Vedtak:

- Lkf meiner at framlegget om samla rammeløyving frå staten til Kyrkjemøtet ikkje er tilstrekkeleg for å sikre føreseielege løyvingar til trusopplæringa. Trusopplæringsreformen er komen i stand som ein konsekvens av arbeidet med skilje mellom stat og kyrkje, og då har staten eit spesielt ansvar for å sjå til at ikkje denne blir svekka av statlege disponeringar.

Med venleg helsing  
For Lindås kyrkjelege fellestråd,

Torgeir Paulsen  
Kyrkjeverje